

# Årsmelding for Ulvik Sokneråd 2025



Rekneskap for Ulvik Sokneråd ligg no føre.  
Den viser eit rekneskapsmessig **minderforbruk** på **kr 298.373,-**

## 1. Samansetjinga og verksemda til rådet

### Soknerådet 2023-2027

Leiar:

Unni Solem til 04.09.2025  
Guri-Kristina Batta Bjørnstad  
frå 05.09.2025

Nestleiar:

Finn Johan Gjerde til 04.09.2025  
Astrid Jordal Børsheim frå 05.09.2025

Andre medlemer:

Kjersti Bergo  
Liv Marie Osa  
Lars Johan Tveit frå 05.09.2025

Geistleg representant:

Anne Marthe Ulvik

Ulvik herad sin repr.:

Jorgeir Hamre Mediå

Møtesekretær:

Dagleg leiar/kyrkjeverje Wilma van Manen

Varamedlemer:

Lars Johan Tveit til 04.09.2025

Andreas Hjeltnes

Kristin Nesheim

Ivar Lindvink

Torunn Pedersen Polden

Ulvik herad sin vararepr.:

### Nemnder/utval 2023-2027

Arbeidsutval:

Leiar Unni Solem til 04.09.2025  
Leiar Guri-Kristina Batta Bjørnstad  
frå 05.09.2025  
Nestleiar Finn Johan Gjerde til 04.09.2025  
Nesteiar Astrid Jordal Børsheim frå 05.09.2025  
Sokneprest Anne Marthe Ulvik  
dagleg leiar/kyrkjeverje Wilma van Manen

Bygningsutval:

Finn Johan Gjerde  
Lars Johan Tveit

Diakoniutval:

Liv Marie Osa, Kjersti Bergo  
Anne Marthe Ulvik

Naudhjelpsutval:

Astrid J. Børsheim  
Guri-Kristina Batta Bjørnstad

Katekumenatutval:

Kjersti Bergo, Liv Marie Osa, Anne Marthe Ulvik  
Jorunn Bergo Aarvik

Tingingsnemnd:

leiar Unni Solem til 04.09.2025

Redaksjonsnemnd:

Leiar Guri-Kristina Batta Bjørnstad  
frå 05.09.2025  
nestleiar Finn Johan Gjerde til 04.09.2025  
Nesteiar Astrid Jordal Børsheim frå 05.09.2025  
Unni Solem til 04.09.2025  
Guri-Kristina Batta Bjørnstad  
frå 05.09.2025  
Finn Johan Gjerde til 04.09.2025  
Astrid Jordal Børsheim frå 05.09.2025  
og Wilma van Manen

**Kjønnsfordelinga:** Av 13 soknerådsmedlem er det 8 kvinner og 5 menn.

**Saker i Soknerådet**

Det er halde 6 møte, handsama 19 sokneråds- og 28 fellesrådssaker.

**Politisk samarbeid med kommune:**

Det vart halde budsjettmøte for 2025 med Ulvik herad den 29. oktober 2024.  
Det vart halde budsjettmøte for 2026 med Ulvik herad den 18. november 2025.

**Helse, miljø og tryggleik – HMT**

Det ligg føre avtale om samordning av HMS-arbeid mellom Bjørgvin bispedømeråd og Ulvik kyrkjelege fellesråd (23.05.2022). Begge partar har ansvar for arbeidsmiljøet etter arbeidsmiljølova § 2-2. Kvar arbeidsgivar skal sikre forsvarleg arbeidsmiljø og samarbeide om HMS-arbeidet. Fellesrådet er definert som hovudbedrift og har samordningsansvar.

**Kurs og seminar, kompetanseutvikling, fagmøte**

07.01.2025	Kurs gravplass på Teams
20.01.2025	møte organisasjonsutvikling Voss/Vaksdal/Ulvik
21.01.2025	Samarbeid Eidfjord Teamsmøte med Harald Askerland
03.02.2025	møte organisasjonsutvikling Voss/Vaksdal/Ulvik
10.02.2025	møte organisasjonsutvikling Voss/Vaksdal/Ulvik
24.02.2025	møte organisasjonsutvikling Voss/Vaksdal/Ulvik
03.03.2025	møte organisasjonsutvikling Voss/Vaksdal/Ulvik
17.03.2025	møte organisasjonsutvikling Voss/Vaksdal/Ulvik
18.03.2025	Samling på Utne i samband med bispevisitas i Ullensvang
24.03.2025	Prosjektledersamling Oslo samarbeid Ulvik/Eidfjord
12.05.2025	Prosjekt møte med fellesrådleiarer Voss/Vaksdal/Ulvik
15.05.2025	Mulighetsmøte med fellesråd samarbeid Ulvik/Eidfjord
19.05.2025	Prosjektledersamling Oslo samarbeid Ulvik/Eidfjord
15.+16.10.2025	Samling kyrkjebyggforvaltere i Bergen
03.12.2025	Samarbeid Ulvik/Eidfjord Felles jolemiddag inkl. stab.
08.12.2025	Prosjektledersamling Oslo samarbeid Ulvik/Eidfjord
Generelt	Kyrkjeverja har ein kontordag i veka i Eidfjord. Der vert saker som gjeld samarbeid tekne fortløpande, utan at det vert kalla inn til formelt møte.

### Kyrkjeverjemøter:

17.02.2025 Kyrkjeverjemøte Ulvik  
26.05.2025 Kyrkjeverjemøte Eidfjord  
27.10.2025 Kyrkjeverjemøte Dale  
15.12.2025 Kyrkjeverjemøte Samnanger

### Utført arbeid/saker under arbeid

- **Oppstart forarbeid minnelund Brakanes**  
Eit forslag er kome inn. Planlegginga vert utsett til 2026.
- **Utvendig vask av kyrkje:** våren 2025
- **Overgang rekneskap frå Uni Micro til Visma** i september.
- **2 nye stillingar:** 40% gravplassmedarbeidar og 10% reinhaldar/supplerande kyrkjetenar i frå 01.01.2026
- **Kyrkjebevaringsfond innsatsområde 1+2 søknad Ulvik sokn**  
I samband med planar om måling av Ulvik kyrkje har Akasia Eiendomsforvaltning gjennomført synfaring av det utvendige klimaskalet i 2024. Det var naudsynt å forsikre seg om at mogleg sig ikkje er av nyare dato. Det vart difor sendt søknad om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjer i oktober 2024, og det er løyvd kr 225 000. Målingar utførte i 2025 viser så langt ingen rørsle. Men det pågåande forprosjekt har avdekt omfattande rehabiliteringsbehov, særleg knytt til takkonstruksjonen. Undersøkingane viser at full omlegging av taket er naudsynt for å sikre bygget på lang sikt. I tillegg er det behov for utvendig overflatebehandling av fasadane og rehabilitering av vindauge og karmar for å ta vare på det kulturhistoriske uttrykket og sikre tilfredsstillande vern mot vêr og fukt. Det vert no planlagt eit overordna forprosjekt som skal danne grunnlag for eit hovudprosjekt, med mål om ei heilskapleg og langsiktig rehabilitering slik at Ulvik kyrkje kan bevarast som eit funksjonelt og kulturhistorisk verdifullt bygg for framtida. Det er sendt søknad for dette til Kyrkjebevaringsfondet i 2025.
- **Kyrkjebevaringsfond innsatsområde 3+4 søknad Ulvik herad** På initiativ frå kommunedirektøren er det søkt om støtte innan innsatsområde 3 og 4 (oppleving, formidling, engasjement og deltaking), med mål om å styrkje formidlinga av historia til Ulvik kyrkje. Søknaden omfattar mellom anna føredrag om restaureringsprosessen og formidling av kunst og inventar i kyrkja – som dyrefigurane frå den gamle kyrkja, døypefont, antemensale, kyrkjeklokke, måleri av prestefamilien Uro, rosemåling og arkitektur.
- **Stormskade på Brakanes-** I oktober førte stormen «Amy» til at to bjørketre velta, to gravminne vart øydelagde, og delar av gjerdet bak kyrkja vart rasert. Skaden er meldt til forsikringsselskapet KNIF Tryggleik, med eigendel kr 8 000. Dei to trea er fjerna, betongfoten er grava ut og holet fylt, og gjerdet er sett til side og vert reparert våren 2026. Eit tredje bjørketre skal fjernast same år.



- **Sommarjobb for ungdom i Ulvik kyrkje** Ulvik sokn har fått innvilga kr 25.000,- tilskot frå Den norske kyrkja til å tilsetje ein ungdom i sommarjobb i 2026. Ungdommen vil ha ansvar for å låse opp og att kyrkja, vere guide for turistar og bistå gravplassmedarbeidaren. Gjennom jobben vil ungdommen få erfaring med kyrkjeleg teneste og kyrkja som arbeidsplass, og lære om ulike arbeidsoppgåver i ein liten stab med fleire deltidstillingar. Tiltaket byggjer lokal kompetanse og synleggjer kyrkja som ein attraktiv arbeidssstad for ungdom, noko som er viktig for framtidig rekruttering.
- **Tekniske teikningar** for oppfyljing krava frå branntilsynet har blitt laga.
- **Vedlikehald orgelet** hausten 2025.

## 2. Administrasjon

### Tilsette i 2025:

Sokneprest for Ulvik:	Anne Marthe Ulvik tilsett i Dnk	50% stilling
Dagleg leiar/Kyrkjeverje:	Wilma van Manen	80% stilling
Kyrkjetenar:	John R. Mandelid Wilma van Manen (Oppseiing 31.12.2025)	10% stilling 7% stilling
Organist:	Edyta Bryk (Kjøp av organisttenester hjá Voss kyrkjelege fellesråd)	25% stilling
Forsamlingspedagog	Jorunn Bergo Aarvik Tilsett ved Bjørgvin (første halvt år)	20% stilling
Trusopplærar:	Jorunn Bergo Aarvik Trusopplæringsmidlar	10% stilling

**Likestilling:** Ulvik sokn er ein arbeidsplass med flest kvinnelege tilsette, tal fast tilsette, inkludert kjøpte organisttenester og prestetenester per desember 2025 er 5. Av desse er 4 kvinner og 1 menn (80% og 20%). Alle stillingar er deltidstillingar.

**Sjukefråvær:** I 2024 og delar av 2025 har det vore fråvær som førte til at stillinga som 5 % frivilligkoordinator vart avslutta våren 2025. I tillegg var det eit kortare sjukefråvær i september.

**Prestestillinga.** Anne Marthe Ulvik er sokneprest i 50 % stilling. I første halvår 2025 var Jorunn Bergo Aarvik tilsett som forsamlingspedagog i 20 % stilling. Saman med soknepresten hadde ho ansvar for leiing av konfirmantgruppa og koordinering av samarbeidet mellom kyrkje og skule. Den norske kyrkja ved Bjørgvin bispedømeråd dekkjer lønsutgiftene til soknepresten og refunderer lønsutgiftene til forsamlingspedagogen. Ordninga med forsamlingspedagog vart avslutta 30.04.2025.

### Klokkarstillinga

Talet på tekstlesarar har i løpet av året gått frå fire til sju, og vidare til fem frivillige tekstlesarar ved utgangen av desember 2025. Soknet takkar for den gode frivillige innsatsen.

### Organiststillinga

Organist Edyta Bryk er tilsett i 50% stilling hjå Voss kyrkjelege Fellesråd. Ulvik sokn har inngått ei avtale om samarbeid med Voss kyrkjelege fellesråd, og kjøper 25% organiststilling.

### **Trusopplæringstilling**

Ulvik sokn har inngått ei avtale om samarbeid med Eidfjord kyrkjelege fellesråd, og kjøper 10% trusopplæring ifrå 01.01.2025. Dette kjem i tillegg til den 10% trusopplæringsstilling som Jorunn Bergo Aarvik har.

### **Rekneskap og revisjon**

Voss Rekneskap AS har ført rekneskapen for Ulvik sokn til 01.09.2025. Rekneskapet vert no utført i heilheten av kyrkjeverje med hjelp av økonomisjefen Trygve Solberg frå Ulvik herad. Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjonen.

**Reinhald** i kyrkja og kyrkjelydssenteret vert kjøpt frå Thoma Facility Norge AS.

**Stell og vedlikehald** av kyrkjegardane vert kjøpt frå Ulvik herad, driftsavdeling.

**Graving på kyrkjegarden** vert kjøpt frå A. Osa Maskin og Anlegg.

**Stell av legatgraver** vert kjøpt frå Hardanger Hagemiljø Hendrikus Albertus Dijkstra.

### **Vurdering av administrativ kapasitet og organisering**

Ulvik sokn har ein liten og deltidsbasert stab, med til saman 7 stillingar per 01.01.2025 og 5 stillingar per 31.12.2025: 5 % frivilligkoordinator (til mars 2025), 10 % trusopplærar, 20 % forsamlingspedagog (til mai 2025), 17 % kyrkjetenar, 25 % organist, 50 % sokneprest og 80 % kyrkjeverje. Ingen av dei tilsette har full stilling.

Lønnskostnadene for kyrkjeverje, organist og kyrkjetenar vert dekte gjennom rammetilskot frå Ulvik herad. Lønnskostnader til frivilligkoordinator og trusopplærar vert dekte av midlar til trusopplæringsarbeidet, medan Bjørgvin bispedøme dekkjer løn til sokneprest og forsamlingspedagog.

Dei tilsette held i hovudsak kontakt via SMS og e-post. For å styrkje samhald og samarbeid var det i 2025 planlagt månadlege stabsmøte. Dette lukkast ikkje slik ein hadde tenkt, grunna fulle timeplanar og avgrensa fleksibilitet i deltidsstillingane. Det vart difor berre gjennomført eitt stabsmøte i løpet av året. For 2026 er det lagt ein plan om faste stabsmøte ein gong per månad, lagt til dei torsdagane det er andakt.

Det har over fleire år vore peika på at både omfanget og breidda i arbeidsoppgåvene er større enn det administrasjonen har kapasitet til. Den samla situasjonen gjer staben sårbar. For å sikre ei meir berekraftig drift på sikt, må organiseringa utviklast vidare. Det finst ikkje økonomiske midlar til å tilsetje fleire i Ulvik åleine, og samarbeid med andre sokn har difor vore vurdert som ei mogleg løysing. Ulvik sokn deltok i 2025 i to prosjekt for å greie ut framtidig samarbeid: «Kartlegging av samarbeid mellom Vaksdal, Voss og Ulvik» og «Kartlegging av samarbeid mellom Eidfjord og Ulvik».

Konklusjonen var at Ulvik er best tent med samarbeid med Eidfjord. Det er no etablert eit samarbeid mellom sokna. Kyrkjeverja i Ulvik har fast kontordag kvar veke i Eidfjord, noko som legg til rette for tett dialog og effektiv sakshandsaming. Kyrkjeverjene Ulvik og Eidfjord dekkjer for kvarandre ved ferie og sjukdom.

Det er vidare gjennomført fleire felles tiltak, mellom anna felles nettside for gravplassforvaltning, felles programtilgang og innføring av nytt rekneskapsprogram (Visma). Dette gjer at sokna kan handtere rekneskap, lønsadministrasjon og årsavslutning sjølve, utan bruk av eksternt rekneskapskontor.

Sjukmelding hos kyrkjeverja i 2025 synleggjorde ytterlegare kor sårbar organisasjonen er. Plan om å lyse ut ei 40 % stilling som gravplassmedarbeidar og ei 20 % stilling som reinhaldar/supplerande kyrkjetenar vart difor følgd opp. Frå 01.01.2026 vart staben utvida, med mål om større stabilitet, betre kvalitet og meir føreseieleg drift. Dei nye stillingane

medfører ikkje auka kostnader utover vedteke budsjett. Midlar som tidlegare vart nytta til innkjøpte tenester innan gravplassforvaltning og reinhald, er omdisponerte til eigne tilsetjingar. Dette gjev betre lokal forankring og meir føreseieleg ressursbruk innanfor eksisterande økonomiske rammer.

## Statistikk

<b>Frå kyrkjeleg årsstatistikk:</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Døypte	4	12	5	8
Konfirmerte	6	9	7	11
Vigslar	3	1	6	3
Avlidne	19	10	9	10
Gudstenester	30	28	29	26
Andakter	8	7	14	9

## Konfirmantar

**Tal konfirmantar i 2025: 11**

**Konfirmantleir:** 20.09.2024-22.09.2024.

**Fasteaksjon 2025:** den 8. april 2025 vart det bøsseaksjon. Bøssebærare gjekk frå dør til dør. Ved Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp kom det inn kr 24.978,- (kr 8.856,- i 2023) i bøsseaksjon. Totalt innsamla (inkl. offer) 2025 kr. 27.539,- (kr 29.891,- i 2024). **Konfirmantfest** 24. april 2025.

**Konfirmasjonsgudsteneste** 4. mai 2025.



04.05.2025 konfirmasjonsgudsteneste

**Tal nye konfirmantar i 2025/2026: 5**

Presentasjonsgudsteneste 07.09.2025.

## **ARBEID GJENNOM ÅRET**

### Tilskipingar:

- Sondag 02. mars: Familiengudsteneste, Fastelaven, Utdeling Godt Nytt til 10 åringar, kyrkjekaffi
- Sondag 23. mars: årsmøte m/kyrkjekaffi, årsmeldinga vart lesen opp.
- Sondag 13. april: Familiengudsteneste, Barna's Påskefest, kyrkjekaffi
- Sondag 04. mai: Konfirmasjon
- Laurdag 17. mai: Festgudsteneste med flaggborg
- Sondag 07. sept.: Konfirmantpresentasjon
- Søndag 05. okt.: Hausttakkefest, kyrkjekaffi
- Søndag 30. nov.: Song og Ljosmesse, med konfirmantar



### **Konsertar i Ulvik kyrkje:**

10.05.2025 Norges Korforbund

30.11.2025 Julekonsert Brakanes Hotel

### **Open kyrkje:**

08.+09.06.2025 Stille stund

Open kyrkje sommar 2025, 20. juni – 13. august, i samarbeid med turistkontoret.



### **Barne- og ungdomsarbeid**

06.01.2025 Joletrefest Omsorgstunet ism Bygdekvinnelag

13.02.2025 Supertysdag Ulvik kyrkje

01.03.2025 T10 samling kyrkjekontor

02.03.2025 Utdeling Godt Nytt

08.04.2025 Påskevandring 2. klassingar

13.04.2025 Påskeverkstad

08.04.2025 Fasteaksjon kyrkjekontor

13.05.2025 Supertysdag Ulvik kyrkje

09.04.2025 Påskeskulegudsteneste

30.09.2025 Supertysdag Omsorgstunet

05.10.2025 T4 Utdeling av 4 årsbok

21.10.2025 Supertysdag Omsorgstunet

18.11.2025 Supertysdag Omsorgstunet

29.11.2025 Jolemesse idrettshallen

29.11.2025 T11 Lys Våken

02.12.2025 Supertysdag Omsorgstunet

02.12.2025 Jolevandring 1. klassingar

10.12.2025 Skulejulegudsteneste



### **Søndagsskule og familiesamlingar i Ulvik**

Etter mars 2024 har det ikkje vore søndagsskuletilbod, og i 2025 har det heller ikkje vore søndagsskule då stillinga ikkje har vorte teken opp att.

Samtidig har det vakse fram eit nytt og livskraftig tilbod for småbarnsfamiliar i Ulvik. Ein tysdag i månaden vert små og store samla på Omsorgstunet til middag, andakt, hobbyaktivitetar og songstund. Deltakinga aukar jamt og trutt – på samlinga i februar 2026 var det heile 21 born og 16 foreldre til stades.

Tiltaket kom i gang i 2024 med initiativ frå trusopplærar Ingeborg i Eidfjord, som hjelpte Ulvik i oppstartsfasen. Etter kvart som tilbodet festa seg lokalt, har fleire friviljuge teke ansvar, og no er det gode, stabile krefter som ber arbeidet vidare.

Samlingane har ein fast og enkel struktur med felles middag, andakt og song. Songane borna lærer, vert òg nytta i familiegudstenestene i kyrkja. Under adventsgudstenesta i desember deltok 16 born med korsong og prosesjon, noko som synte kor viktig dette arbeidet har vorte for kyrkjelyden.

### **Samarbeid kyrkje/skule:**

- Samarbeid med skule og kyrkje, kontakt på tvers
- Til påske og jol har det vore skulegudsteneste.  
Påskevandring den 09. april for 2. klasse.  
Jolevandring den 2. desember for 1. klasse, som er ein fast tradisjon. Dette er ei vandring gjennom joleevangeliet, som borna og vaksne opplever saman i rollespel med fine kostymer og utstyr. Totalt deltok 12 personar inkl. stab.

### **Diakoni**

I 2025 har det vore 9 andakter. Diakoniutvalet sende ut blomehelsingar til jol, til dei som har mista nokon i året.

### **Misjonsavtale**

Ulvik kyrkjelyd held fram misjonsavtalen med HimalPartner. HimalPartner er ein yrkesmisjon med ei heilskapleg tenking om både menneske og misjonsarbeidet.

### **Dugnad**

22.04.2025 Dugnad på Brakanes gravplass

### **Økonomi:**

Kommunen er etter trussamfunnslova § 14 pliktig til å løyve midlar til den lokale kyrkjeverksemda. Tilskotet skal sikre bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygg, slik at dei kan nyttast til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Det skal òg sikre forsvarleg bemanning (kyrkjetenar, klokkar og organist/kantor) og naudsynt administrasjon. Tilskotet vert gitt på grunnlag av budsjettforslag frå soknet, og skal omfatte undervisning, diakoni og kyrkjemusikk.

Etter gravplasslova § 3 har kommunen ansvar for drift og forvaltning av gravplassar, og kan etter avtale yte tenester i staden for økonomisk tilskot.

## Økonomi og tilskot 2025

Soknerådet hadde budsjettmøte 29. oktober 2024 og søkte om økonomisk rammetilskott på kr 2.050.939,-. Ulvik herad sette ramma til kr 1.973.000,-, kr 77.939 mindre enn søkt. Tilskot til trusopplæring i 2025 er kr 0,- (kr 116.955 i 2024). Ulvik sokn har kr 348.767 i trusopplæringsfondet, som skal nyttast før nye midlar.

Ulvik sokn får heller inga tilskot til diakoni, undervisning eller kyrkjemusikk.

Gjennom ordninga med momskompensasjon krever fellesrådet refusjon for meirverdiavgift på kjøp til verksemda. For 2025 utgjør momskompensasjon drift og investering kr 202.920,-.

### **Innsamla midlar**

*Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer i kyrkja, og rådet forvaltar dei midlane som blir samla inn, løyvde eller gitt som gåve til kyrkjeleg verksemd i soknet. Offer/innsamlingar til verksemd utanfor soknet blir som regel sendt til landsdekkjande kristelege organisasjonar, og til diakonale og humanitære føremål.*

### **Takkoffer i kyrkja:**

	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Til andre er det kome inn	kr 62.167,-	kr 38.480,-
Til eige arbeid er det kome inn	kr 15.662,-	kr 18.617,-

*Offer til verksemd innanfor soknet kan nyttast til å dekkje utgifter knytte til verksemd soknerådet har ansvar for både innhaldsmessig og økonomisk.*

### **Når utgiftene overstig inntektene**

Fellesrådet og soknerådet har ansvar for at verksemda ikkje går med underskot, uavhengig av årsak. Økonomistyring innanfor ramma er særleg viktig i periodar med trong økonomi. I Ulvik sokn har økonomistyringa vore stram over fleire år.

Rekneskap 2025 syner **kr 298.373,- mindreforbruk** og **kr 156.776,- bruk av fondsmidlar** på trusopplæring.

**Soknerådet har pr 31.12.25 bunde og ubundne fond:**

**kr 473.714,-** kto 25650000: Disposisjonsfond midlar frå tidlegare års mindreforbruk

Tilføring av **kr 195.763** (minderforbruk 2024).

**kr 208.595,-** kto 25300000: Ubunde investeringsfond

(kan berre brukas for investeringar over kr 100.000,-)

**kr 191.991,-** kto 25100002: Fond til trusopplæring, som er øyremerkte til

trusopplæringsarbeid Bruk av **fondsmidlar kr 156.776,-** i 2025

**kr 15.866,-** kto 256510010 Gåver til måling av kyrkje

**kr 298.373,-** kto 25950002 Årets udisp. Nto. Driftsresultat minderforbruk

**(minderforbruk 2025)**

## Bilete av rekneskapen for 2025:

### Samla inntekter:

<b>Salsinntekter:</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Betaling deltakare	kr 40.759,-	kr 11.373,-
Festeavgifter	kr 70.000,-	kr 135.000,-
Sal av varer og teneste	kr 18.469,-	kr 11.549,-
Sal av varer og teneste avg. pliktig	kr 51.472,-	kr 55.631,-
Gåver til måling av kyrkje	kr 887,-	kr 15.866,-
Gåver	kr 35.285,-	kr 1.517,-
	<b>kr 216.872,-</b>	<b>kr 230.936,-</b>
<b>Overføringer med krav om motytel.</b>		
Refusjon løn menighetspedagog	kr 191.385,-	kr 64.284,-
Refusjon sjukeløn	kr 7.873,-	kr 17.360,-
Refusjon frå fellesråd	kr 40.346,-	kr 104.627,-*
Refusjon frå andre	kr 7.377,-	kr 20.141,-*
Refusjon moms drift	kr 183.257,-	kr 203.036,-
	<b>kr 430.237,-</b>	<b>kr 409.448,-</b>

\* Refusjon møtetimar i samband med samarbeidsprosjektet Voss–Vaksdal–Ulvik reisekostnader for kyrkjevevja ved felles kontordag i Eidfjord i samband med samarbeidsprosjektet Eidfjord–Ulvik. Voss kyrkjelege fellesråd bidreg med kr 40 000 årleg i husleige for bruk av prestekontor for Granvin sin del.

<b>Overføringer utan krav om motytel.</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Tilskott frå staten	kr 116.955,-	kr 0,-
Tilskott frå kommunen	kr 1.973.000,-	kr 1.973.000,-
Offer innsamla til eigen verksemd	kr 15.662,-	kr 18.617,-
Offer innsamla til andre	kr 42.318,-	kr 38.480,-
Tilskott – gåver frå andre	kr 19.849,-	kr -/- 2.084,-
	<b>kr 2.167.785,-</b>	<b>kr 2.028.013,-</b>

### **Finansinntekter**

Renteinntekter	kr 45.563,-	kr 43.767,-
Utbytte	kr 6.390,-	kr 5.320,-
	<b>kr 51.953,-</b>	<b>kr 49.087,-</b>

### **Finanseringstransaksjonar**

Bruk av tidl. Års regensk minderfor.	kr 0,-	kr 0,-
Bruk av ubundne fond	kr 80.667,-	kr 0,-
Bruk av bundne fond (trusoppl.)	kr 5.922,-	kr 156.776,-
Rekneskapsmessig underskott	kr 22.066,-	kr 0,-
Motpost avskrivningar	kr 137.164,-	kr 137.164,-
Feilkonto	kr 20,-	kr 0,-
	<b>kr 245.799,-</b>	<b>kr 293.940,-</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>kr 3.112.646,-</b>	<b>kr 3.011.424,-</b>

## Samla utgifter:

	2024	2025
Løn samla	kr 799.413,-	kr 771.380,-
Løn trusoppl. + frivilligkoord.	kr 66.333,-	kr 64.561,-
Formannsgodtgjersle	kr 15.000,-	kr 15.000,-
Møtegodtgjersle medl.	kr 40.890,-	kr 45.360,-
<b>Sum lønn</b>	<b>kr 921.636,-</b>	<b>kr 896.301,-</b>

## **Sosiale utgifter**

Pensjonstrekk KLP	kr 98.584,-	kr 39.886,-
Arbeidsgjevaravgift	kr 98.007,-	kr 93.265,-
Arbeidsgjevaravgift ferie	kr 10.601,-	kr 6.418,-
<b>Sum sosiale utgifter</b>	<b>kr 207.192,-</b>	<b>kr 139.569,-</b>

## **Kjøp av varer og teneste**

Konto 11000-11599	kr 263.644,-	kr 204.264,-
Konto 11700-12999	kr 809.486,-	kr 772.862,-
<b>Sum kjøp av varer og teneste</b>	<b>kr 1.073.130,-</b>	<b>kr 977.126,-</b>

## **Overføringer**

Refusjon til fellesråd	kr 5.354,-	kr 42.239,-
Kjøp av organisttenester	kr 237.756,-	kr 254.871,-
Moms	kr 183.033,-	kr 203.036,-
Overføring av ofringar	kr 42.318,-	kr 38.480,-
<b>Sum overføringer</b>	<b>kr 468.461,-</b>	<b>kr 538.626,-</b>

## **Finansutgifter**

	2024	2025
Renteutgifter	kr 6,-	kr 333,-
Feilkonto	kr 0,-	kr 1.098,-
Dekning av tidl. Års neg.	kr 80.667,-	kr 0,-
Avsetning til måling av kyrkje	kr 0,-	kr 15.866,-
Avsetningar til disposisjonsfond	kr 0,-	kr 0,-
Avsetningar til trusoppl. fond	kr 0,-	kr 0,-
Overføring til invest.	kr 6.540,-	kr 6.965,-
Rekneskapsmessig overskott	kr 217.830,-	kr 298.373,-
Avskrivningar	kr 137.164,-	kr 137.164,-
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>kr 442.207,-</b>	<b>kr 459.799,-</b>
<b>Sum utgifter</b>	<b>kr 3.112.625,-</b>	<b>kr 3.011.421,-</b>

## **Pensjons- og reguleringspremie**

Alle kundar i KLP har eit eige premiefond. Dette er ein konto for tilbakeført premie og overskot. Premiefondet gav god renteavkastning i 2024. Premiefondet vert brukt til å dekkja både ordinær premie og reguleringspremie i 2025.

## **Reiseutgifter**

Kyrkjeverja har hatt ein del reiser i samband med møte, kurs og seminar på Voss, i Bergen og i Oslo. Sidan sommaren 2024 har kyrkjeverja òg hatt fast kontordag i Eidfjord på tysdagar. Reiseutgifter til møte i Oslo, inkludert hotellovernatting, er refunderte av Kyrkjerådet. Kilometergodtgjersle for reiser mellom Ulvik og Eidfjord er dekt gjennom tilskotet til

samarbeidsprosjektet mellom Ulvik og Eidfjord. Det same gjeld reiseutgifter til møte på Voss som er knytte til samarbeidsprosjektet Voss–Vaksdal–Ulvik.

### **Straum**

Straumprisane har stabilisert seg, og dei store svingingane har òg uteblitt i 2025. Det førte til at det totale straumforbruket kom på kr 71 583, noko som er om lag på same nivå som i 2024, då kostnaden var kr 73 160.

### **Vedlikehald kyrkje, anlegg, inventar/utstyr**

Utvendig vasking av kyrkje våren 2025 og orgelvedlikehald i september 2025.

### **Vedlikehald kyrkjegard**

#### **Stormskade på Brakanes**

I oktober førte stormen «Amy» til at to bjørketre velta, to gravminne vart øydelagde, og delar av gjerdet bak kyrkja vart rasert. Skaden er meldt til forsikringsselskapet KNIF Tryggleik, med eigendel kr 8 000. Dei to trea er fjerna, betongfoten er grava ut og holet fylt, og gjerdet er sett til side og vert reparert våren 2026. Eit tredje bjørketre skal fjernast same år.

### **Leigd graving**

Det har i år vore leigd inn graving til 4 gravferder og 2 urnenedsetjingar, mot 6 gravferder og 4 urnenedsetjingar i 2024.

### **Trusopplæringsmidlar**

I 2013 fekk alle sokn i Hardanger og Voss prosti Trusopplæringsmidlar. Dette er statlege midlar som vert utdelt etter tal born i aldersgruppa 0 – 18 år. Statlege trusopplæringsmidlar for 2025 for Ulvik utgjorde **kr. 0,00,-**.

Trusopplæringsmidlar fond **kr 348.767,-** per 01.01.2025. Midlane skal ein fyrst og fremst bruke til å tilsetja trusopplærar, dvs lønsmidlar. I 2025 har me hatt trusopplærar i 10% stilling.

### **Soknerådet har desse fonda knytta til kyrkjelydsarbeidet: saldo 31.12.2025**

Fond til trusopplæring kto 25650000 **kr 191.991,-**

**Diakoniarbeid** har Ulvik sokn ikkje økonomiske rammer å driva med. Det er mange sjuke og einsame i bygda som kunne ha stor trong for besøk av ein diakon. Kyrkjelyden har heller ikkje organisert frivillig besøksteneste.

### **Konklusjon**

#### **Økonomisk oversikt**

Stabile og lågare straumprisar, færre gravferder enn budsjettert, samt innsparing på betaling av pensjons- og reguleringspremie ved bruk av premiefondet, har bidrege til eit mindreforbruk. Me har realisert meir festeavgift enn budsjettert, og reiseutgifter for kyrkjeverjen i samband med kontordag i Eidfjord, møter på Voss og i Oslo er refundert, inkludert møtetimar.

Faktura for vedlikehald av gravplassen var langt mindre enn budsjettert. Det var dyrare med honorar til rekneskapsføring grunna seint overgang til nytt rekneskapsprogram i september, og utvendig vask av kyrkja vart òg dyrare enn forventa. Likevel blei det eit godt overskot på balansen: mindreforbruk på **kr 298.373,-** i 2025.

#### **Søknader om støtte:** I 2025 vart det søkt om støtte:

- Søknad K-stud: Tilskot konfirmantundervisning: innvilga kr 4.575,-
- Søknad K-stud: Felles fagdag konfirmantar: avslag
- Søknad om stønad til vedlikehald av kyrkja Stiftelsen Uni: innvilga kr 50.000,-
- Søknad om stønad til vedlikehald av kyrkja Prosjektmidlar Sparebanken: avslag
- Søknad om stønad til vedlikehald av kyrkja Olavthonstiftelsen: avslag
- Søknad kulturmidlar for Brubbyggjaren hos Ulvik herad: innvilga kr 3.000,-
- Søknad kyrkjebevaringsfond område 1+2. Svar mars 2026.
- Søknad kyrkjebevaringsfond område 3+4 via Ulvik herad. Svar mars 2026.
- Søknad kirkerådet om støtte til sommarjobb i 2026: innvilga kr. 25.000,-

#### **4. Framtidsutsiktene**

Det har over fleire år vore peika på at både omfanget og breidda i arbeidsoppgåvene er større enn det administrasjonen har kapasitet til. Den samla situasjonen gjer staben sårbar. For å sikre ei meir berekraftig drift på sikt, må organiseringa utviklast vidare. Frå 01.01.2026 vart staben utvida med ei 40 % stilling som gravplassmedarbeidar og ei 10 % stilling som reinhaldar/supplerande kyrkjetenar med mål om større stabilitet, betre kvalitet og meir føreseieleg drift. Dei nye stillingane medfører ikkje auka kostnader utover vedteke budsjett. Midlar som tidlegare vart nytta til innkjøpte tenester innan gravplassforvaltning og reinhald, er omdisponerte til eigne tilsetjingar. Dette gjev betre lokal forankring og meir føreseieleg ressursbruk innanfor eksisterande økonomiske rammer.

#### **Budsjett for 2026**

Søknaden frå Ulvik sokn om økonomisk rammetilskot for 2026, på kr 2.490.984, vart ikkje innvilga. Ulvik herad legg opp til vidareføring av 2024-nivå på grunnløyvinga kr 1.973.000.

#### **Tiltak for budsjettet 2026:**

For 2026 vert desse tiltaka sett i verk:

- Rekneskapen for Ulvik sokn er overført til Visma, som Ulvik herad disponerer og gir opplæring og støtte ved behov. Kyrkjeverja fører heile rekneskapen, inkludert løn og årsavslutning.
- Måling av kyrkja vert ikkje gjennomført i 2026, men inngår i ein heilrenovasjon der søknad til Kyrkjebevaringsfondet er sendt for kartlegging.

Forventa innsparing er kr 100.000 på rekneskapsføring og kr 400.000 på utsett måling. Tiltaka gir Ulvik sokn eit budsjett for 2026 med god margin.

#### **Planar for 2026-2029**

1. 2026

##### **Kyrkjebevaringsfond innsatsområde 1+2.**

Det vert no planlagt eit overordna forprosjekt som skal danne grunnlag for eit hovudprosjekt, med mål om ei heilskapleg og langsiktig rehabilitering slik at Ulvik kyrkje kan bevarast som eit funksjonelt og kulturhistorisk verdifullt bygg for framtida. Det er sendt søknad for dette til Kyrkjebevaringsfondet i 2025. Svar mars 2026.

2. 2027/2028

**Urneminnelund** Planlegging i 2026, planlagt realisering 2027/2028

### **Ulvik kyrkje digital**

Ulvik sokn legg ut informasjon om gudstenester og aktivitetar på Facebook Ulvik sokn, websida kirken.no/ulvik, skjerikirken.no, og på Friskus.

Målet er at det er enkelt å finne tilbod, og at det er enkelt å synleggjera tilboda.

### **Kyrkjebladet Brubbyggjaren for Eidfjord og Ulvik:**

I 2025 har det kome ut 2 nummer.

Frå Påske 2025 kom det ny redaksjon: Kari Hovland, Ann Kristin Steinhovden Wathne, Tone Felle Nesheim, Willemina van Manen, Guri-Kristina Batta Bjørnstad og Astrid Børsheim.

Trykking vart utført av Glynt AS.

Kyrkjeverje Tone Felle Nesheim har ført rekneskapen for bladet, mens kyrkjeverje Wilma van Manen har stått for utsending til abonnentar. Me rettar stor takk til nemnda for det gode arbeidet dei har gjort med Brubbyggjaren. Bladet vart sendt til alle husstandar i Ulvik og Eidfjord, samt til ein del adresserte abonnentar utanom bygdene.

**Me ynskjer bygdefolk velkomne både til kyrkja og tilskipingar elles.**

For Ulvik sokneråd, 26. februar 2026

Guri-Kristina Batta Bjørnstad  
(sign)

Willemina van Manen  
(sign)

Fellesråds-/Soknerådsleiar

Dagleg leiar/kyrkjeverje